

Frå: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Send: tirsdag 15. mars 2022 15:04
Til: 'AL-UtvalforAreal-Planogmiljo@sing.no'
Kopi: t.fl@live.com; Bjørn Villanger; Kåre Villanger
Emne: Tilsvar frå nabo er mottatt - Klageavgjerd - sak 20/7629 - gbnr 418/9 Villanger
Vedlegg: Villanger-gbnr-418-9-frådeling-Uttale-etter-svar-frå-Statsforvaltar-Vestland-BV.pdf

Hei.

Gjelder sak til APM møte den 23.03.22:

«Klageavgjerd - Statsforvaltaren i Vestland opphevar kommunen sitt delegerte vedtak i sak 20/7629 med saknr. 21/47871, datert 13.07.2021, grunna manglande grunngeving - gbnr 418/9 Villanger»

Ved en feil, så er ikkje nabo gbnr 418/4 sitt tilsvar av 03.03.22 opplyst mottatt i saksframlegget og ikkje lagt ved som vedlegg. Tilsvaret er lagt ved saksframlegget i formiddag slik at det vert tilgjengeleg innan kort tid. Bakgrunnen for feilen er at ved mottak av tilsvaret til kommunen, så var tilsvaret frå nabo ført på feil avdeling og feil sakshandsamar slik at tilsvaret ikkje var fanga opp av underteiknande som klagehandsamar. Dette vert no ordna. Vi beklagar feilen.

I saksframlegget under klageavgjerd andre avsnitt, så står det:

«Både tiltakshavar og nabo med merknad, gbnr 418/4, er gjeve moglegheit til å kome med tilsvar til klagen. Det er mottatt rettidig tilsvar frå tiltakshavar den 23.02.2022. Det er ikkje mottatt merknad frå nabo – gbnr 418/4.»

Administrasjonen presiserer at det er mottatt nabomerknad frå nabo gbnr 418/4 som er lagt ved som vedlegg til saksframlegget til møte for APM den 23.03.22. Saksframlegget under klageavgjerd andre avsnitt skal no lyde:

«Både tiltakshavar og nabo med merknad, gbnr 418/4, er gjeve moglegheit til å kome med tilsvar til klagen med frist innan 08.03.2022 . Det er mottatt rettidig tilsvar frå tiltakshavar den 23.02.2022. Det er mottatt rettidig merknad frå nabo – gbnr 418/4 den 03.03.2022. Tiltakshavar opplys i sitt tilsvar at driftsbygningen er riven. Vidare gjev han opplysningar som i hovudsak er av privatrettsleg karakter. Nabo gjev i sitt tilsvar opplysningar som i hovudsak er av privatrettsleg karakter. Etter administrasjonen si vurdering, så har det ikkje komen fram nye opplysningar i verken tilsvaret frå tiltakshavar eller nabo som tilseier nokon ytterlegare vurdering frå administrasjonen/kommunen si side.»

Tiltakshavar, nabo og nabo sin sekretær, mottar kopi av e-post.

Dette til orientering.

Tone Furustøl | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 37 54 01

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no